



NOREGS HØGSTERETT

Den 6. desember 2012 vart det av Høgsteretts ankeutval med dommarane Utgård, Øie og Bergsjø i

HR-2012-02314-U, (sak nr. 2012/1827), sivil sak, anke over kjennelse:

A

mot

Norges Tennisforbund

(advokat Sturla Blanck Torkildsen)

sagt slik

O R S K U R D

- (1) Saka gjeld spørsmål om oppfrisking for oversitjing av ankefrist, jf. tvistelova § 16-12 tredje ledd, ved anke over tingrettens orskurd om fråviking av fast eigedom etter tvangssal, jf. tvangsfullføringslova § 11-14.
- (2) B, som er dotter til A og C, vart i 2007 med på eit lag for unge talent i regi av Norges Tennisforbund. I mars 2008 avgjorde styret i Norges Tennisforbund at B ikkje lenger skulle vere med på laget. Grunnen var at foreldra sin oppførsel vanskeleggjorde eit godt samarbeid.
- (3) Foreldra meinte utelukkinga var urettmessig og reiste søksmål på vegne av datteren med krav om skadebot. Ved Oslo tingretts dom 27. februar 2009 vart Norges Tennisforbund frifunne og "B v/A og C" vart dømt til å betale sakskostnader med 311 250 kroner. B anka til Borgarting lagmannsrett, som ved dom 12. januar 2010 forkasta anken og påla "B, ved A og C" sakskostnader for lagmannsretten med 210 000 kroner. Anke til Høgsterett vart ved vedtak 21. april 2010 i ankeutvalet nekta fremja (HR-2010-00614-U), og "B v/verjene A og C" vart pålagt sakskostnader for Høgsterett med 18 750 kroner.
- (4) Den 17. februar 2010 vart det etter kravsmål frå Norges Tennisforbund halde utleggsforretning hos Namsfuten i Oslo der det vart teke utlegg i to eigedommar tilhøyrande A i X og Y kommunar.
- (5) Den 2. juni 2010 kravde Norges Tennisforbund tvangssal av gnr. 33 bnr. 2778 i X kommune. Saksøkt etter kravsmålet var A. Ved orskurd frå Oslo byfutembete 24. januar 2011 vart kravet teke til følge, og det ble fasett at tvangssalet skulle gjennomførast som medhjelparsal. Det

synest som om A ikke har svara på varsel frå byfuten.

- (6) Orskurden om tvangssal vart anka til Borgarting lagmannsrett ved ankefråsegn datert 7. april 2011. I anken vart det mellom anna gjort gjeldande at det er B som er part i saka, og som dermed skulle vore saksøkt i samband med tvangsfullføringa.
- (7) Borgarting lagmannsrett kom i orskurd 2. august 2011 til at anken ikkje var underskriven – trass i rettleiing om dette – og anken vart avvist. Ved Høgsteretts ankeutvals orskurd 10. februar 2012 (HR-2012-00307-U) vart anke frå A over orskurden forkasta.
- (8) Den 18. oktober 2011 kravde Norges Tennisforbund tvangsfråvikng av eigeidommen, jf. tvangsfullføringslova § 11-14. Ved orskurd frå Oslo byfutembete 9. mars 2012 vart kravet teke til følgje. Orskurden har slik slutning:

"A m/husstand fraviker gnr. -- bnr. --- i X kommune."

- (9) Denne orskurden vart 22. mars 2012 forkynt ved oppslag på bustaden til A i X. A anka over orskurden ved ankefråsegn datert 28. juni 2012. Det vart mellom anna gjort gjeldande at B er rett saksøkt, og at orskurden ikkje vart forkynt for henne før 25. juni 2012. Etter rettleiing frå byfutembetet sette A fram kravsmål om oppfrisking for oversitjing av ankefristen.
- (10) Borgarting lagmannsrett gav orskurd 11. september 2012 med slik slutning:

- "1. Oppfriskning mot fristoversittelse gis ikke.**
- 2. Anken avvises.**
- 3. I sakskostnader for lagmannsretten betaler A til Norges Tennisforbund 21 000 – tjuééntusen – kroner innen 2 – to – uker fra forkynnelsen av denne kjennelse."**

- (11) A har i rett tid anka lagmannsretten sin orskurd til Høgsterett. Det er i hovudsak gjort gjeldande:
- (12) Kravsmålet om oppfrisking skulle vore teke til følgje og anken fremja for lagmannsretten, jf. tvistelova § 16-12. Det er B som er part i saka, og saken om tvangsfullføring må dermed avisast fordi ho er retta mot feil part. Avgjerda frå Oslo byfutembete, i strid med EMK artikkel 6 nr. 1, fordi saken vart avgjort utan at det vart halde munnlege forhandlingar og utan at det vart gitt høve til kontradiksjon.
- (13) Det er sett fram slik påstand:

- "1. Oppfriskning mot fristoversittelse gis.**
- 1. Saken fremmes.**
- 2. A tilkjennes erstatning for sakens kostnader."**

- (14) I vedtak frå Borgarting lagmannsrett 19. oktober 2012 vart anken gitt utsetjande verknad, etter kravsmål fra den ankende part.
- (15) *Norges Tennisforbund* har gitt tilsvar og i hovudsak gjort gjeldande at lagmannsrettens avgjerd er korrekt. Lagmannsretten har med rette lagt til grunn at det er anka for seint, og at vilkåra for oppfrisking ikkje er tilstades. Det er også sett fram innvendingar mot

tvangsgrunnlaget som ikkje kan setjast fram på dette stadiet av prosessen. Behandlinga av saka er ikkje i strid med EMK artikkel 6.

(16) Det er sett fram slik påstand:

"1. Anken avvises.

Subsidiært:

1. Anken tas ikke til følge, og Oslo Byfogdembetes kjennelse av 09. mars 2012 stadfestes.

I begge tilfeller:

2. Norges Tennisforbund tilkjennes saksomkostninger for Høyesterett med kr. 12 600."

(17) *Høyesteretts ankeutval* viser til at det er tale om ein anke over avgjerd som lagmannsretten har teke som første instans, og at utvalet har full kompetanse ved ankebehandlinga, jf. Rt. 2012 side 803.

(18) A kravde for lagmannsretten oppfrisking mot oversitjing av ankefristen. Kravsmålet vart gitt inn etter einmånadsfristen i tvistelova § 16-13 andre ledd, jf. tredje ledd. Det kan krevjast oppfrisking mot oversitjing av oppfriskingsfristen på ein månad, og utvalet legg – som lagmannsretten – til grunn at kravsmålet til lagmannsretten må oppfattast å gjelde også slik oppfrisking.

(19) Anken gjeld lagmannsrettens orskurd om å avvise anken til lagmannsretten fordi ankefristen var oversiten og fordi lagmannsretten kom til at det ikkje burde givast oppfrisking for fristoversitjinga.

(20) Lagmannsretten har med rette vurdert oppfriskingsspørsmålet etter tvistelova § 16-12 tredje ledd, som lyder slik:

"I andre tilfeller kan oppfriskning gis om det ville være urimelig å nekte parten videre behandling av saken på grunn av forsømmelsen. Ved avgjørelsen legges særlig vekt på forsømmelsens karakter, partens interesse i å foreta prosesshandlingen og hensynet til motparten."

(21) Det er såleis tale om ei samla vurdering, der det – utan at lista er uttømande – er vist til viktige moment ved avveginga.

(22) Lagmannsretten legg i avgjerda si til grunn at "fristoversittelsen var forsettlig eller iallfall grovt uaktsom fra As side". Deretter viser lagmannsretten til at det var tale om ein fristoversitjing på vel to månader. Utvalet er einig i at dette talar mot oppfrisking.

(23) I lagmannsrettens avgjerd heiter det vidare:

"Hensynet til å oppnå en materielt riktig avgjørelse taler imidlertid etter lagmannsrettens syn ikke for at oppfriskning gis og anken fremmes.

Lagmannsretten antar at tvangsfullbyrdsloven § 4-2 andre ledd er til hinder for at A på dette stadium i saken kan få prøvd om hun (og hennes ektefelle) er forpliktet til å dekke sakskostnadene for tingretten og lagmannsretten, idet dette er en innvending som støtter seg til forhold som forelå allerede under sakens behandling i tingretten og lagmannsretten. Det vises til slutningen i tingrettens dom hvor det fremgår at B v/A og C dømmes til å betale sakskostnadene. A hadde derfor grunnlag for å ta opp sin innsigelse på dette punkt under behandlingen i lagmannsretten. Innvendingen ble for øvrig heller ikke tatt opp under utleggsforretningen eller ved behandlingen av begjæringen om tvangssalg.

Lagmannsretten finner etter dette ikke grunn til å ta stilling til om domsslutningens ordlyd gir grunnlag for å fremme sakskostnadskravet direkte mot vergene."

- (24) Utvalet viser til at innvendingar mot sjølve tvangsalet kan gjerast gjeldande i samband med kravsmål om fråviking, jf. Rt. 2011 side 1243 med vidare tilvisingar. At A ikkje tidlegare gjorde gjeldande at ho ikkje var rett adressat for kravet, hindrar dermed ikkje at dette kan prøvast no. Lagmannsretten har såleis forstått lova feil på dette punktet.
- (25) I den sivile saka, der pålagde sakskostnader er grunnlag for utlegget og for kravet om utkastning no, var dottera B part. Etter tvistelova § 2-4 første ledd er verjen stadfortredar for ein umyndig person, jf. § 2-2 tredje ledd. Det følgjer av tvistelova § 2-3 første ledd at stadfortredaren varetek "alle partens rettigheter og plikter i rettssaken". Om følgjene av denne representasjonen viser utvalet til Schei mfl. Tvisteloven, 2007, side 121 der det er uttala at stadfortredaren sine "prosessuelle handlinger og unnløtelser virker – som i andre representasjonsforhold – for og mot den representerte selv". Tvistelova § 20-7 har overskrifta "Kostnadsansvaret for partenes representanter". Det går der fram av første ledd at parten har kostnadsansvaret også der han har vore representert av stadfortredar, med eitt unntak som ikkje er av interesse i saka no. Av andre ledd går det fram at krav om skadebot for sakskostnader som blir gjort gjeldande mot andre enn motparten "etter regler utenfor dette kapittel" kan dragast inn i saka. Sakskostnadsavgjerda i Rt. 2001 side 146 byggjer på ein føresetnad om at det etter omstenda kan vere eit slikt krav.
- (26) Utleggsforretninga og seinare avgjerder under namsbehandlinga rettar seg mot A, sjølv om grunnlaget for utlegget var krav mot B. Spørsmålet om ansvar for A etter reglar utanfor tvistelova kapittel 20 kan ikkje sjåast å ha vore reist.
- (27) Utvalet går ikkje nærare inn på prøvinga av grunnlaget for kravet om tvangsfullføring mot A. Særs mykje talar under alle omstende for at ho får prøvd innvendingane sine under tvangsfullføringa.
- (28) I vurderinga av om oppfrisking skal givast, må det dessutan leggjast vekt på at det er tale om tvangsfullføring i form av tvangssal av bustad for A.
- (29) I lys av det utvalet her har vist til, har interessene til Norges Tennisforbund mindre vekt.
- (30) Høgsteretts ankeutval er etter dette kome til at det må givast oppfrisking for oversitjing av ankefristen, jf. tvistelova § 16-12 tredje ledd.
- (31) Kravsmålet om oppfrisking har ført fram, men ankeutvalet er kome til at sakskostnader ikkje bør tilkjennast verken for lagmannsretten eller Høgsterett. Namsmannens avgjerd vart forkynt A ved oppslag, men ho let vere å gjere seg kjend med innhaldet då ho meinte det ikkje vedkom seg.
- (32) Orskurden er samrøystes.

SLUTNING :

1. Kravet om oppfrisking blir teke til følgje.
2. Sakskostnader blir ikkje tilkjende verken for lagmannsretten eller for Høgsterett.

Toril M. Øie
(sign.)

Karl Arne Utgård
(sign.)

Per Erik Bergsjø
(sign.)

Rett utskrift: